



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anne Hjermand, 5557 2275

Vår dato
07.04.2016
Dykkar dato
12.01.2016

Vår referanse
2016/603 630
Dykkar referanse

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Høyringsvar frå Fylkesmannen i Hordaland – Kunnskapssektoren sett utenfra

Fylkesmannen i Hordaland viser til Kunnskapsdepartementet sitt brev av 11. januar 2016 der rapporten *Kunnskapssektoren sett utenfra. Gjennomgang av de sentraladministrative oppgavene i kunnskapssektoren* er sendt på høyring.

1. Generell tilbakemelding - rapporten sine tilrådingar er formålstenelege

Fylkesmannen i Hordaland meiner rapporten presenterer den eksisterande organiseringa av kunnskapssektoren på ein presis og lett tilgjengelig måte, sjølv om sektoren er kompleks, og for mange uoversiktleg. Rapporten er òg tydeleg i dei generelle tilrådingane som bør ligge til grunn for organisering i sentralforvaltninga. Generelt sluttar Fylkesmannen i Hordaland seg til rapporten sine vurderingar av sektoren sine utfordringar og dei tilrådingane som er gitt.

2. Konkrete innspel

5.5.4 Fylkesmannen

Tilrådinga legg opp til at Fylkesmannen får meir ansvar og fleire oppgåver knytt til arbeidet med rettleiing, rådgjeving og utviklingsarbeid. Hovudargumentet er Fylkesmennene sin kjennskap til sektoren lokalt, i tillegg til at den kunnskapen og informasjonen Fylkesmannen har som tilsynsmynde og i klagebehandling kan utnyttast ytterlegare. Vi meiner det er eit fornuftig resonnement, og at det vil tene sektoren. Av konkrete oppgåver som kan leggest til Fylkesmannen kan det statlege rettleiarkorpset nemnast og tene som eksempel.

Statleg rettleiarkorps – ei oppgåve for Fylkesmannen?

Målsettinga med ordninga er å gi rettleiing til skuleeigarar og skular som ønskjer å betre læreprosessen i skulen. Fylkesmennene er kopla til Utdanningsdirektoratet sitt arbeid med å rekruttere rettleiarar, peike på kommunar som kan vere tent med rettleiing og i nokon grad blitt tatt med i møtepunkt ved oppstart og avslutting av rettleiingsperioden. Vi meiner det er ei oppgåve som med fordel kan flyttast til Fylkesmannen. Organiseringa av rettleiarkorps, rekruttering av rettleiarar, kvalifisering av rettleiarar og utveljing av kommunar, er etter vårt syn meir et ressurs- og kapasitetsspørsmål, enn at det er kompetansemessige og faglige argument for at det skal vere styrt sentralt og ikkje regionalt. Fylkesmennene og Utdanningsdirektoratet i dette eksemplet har eit godt samarbeid og kontakt. Det er ikkje grunn til å tru at det ikkje skal førast vidare om ansvaret for rettleiarkorpset vert overført til regional stat. Den meir-

verdien Fylkesmannen kan tilføre er like mykje i oppfølginga av kommunane etter at rettleingsperioden er over, som den vil vere i forkant og under.

Andre kompensatoriske tiltak – oppgåver for Fylkesmannen

I utdanningssektoren er det til ein kvar tid fleire kompensatoriske tiltak som er meint å støtte kommunar som har særlege utfordringar og/eller som skal betre situasjonen på område der styresmaktene er uroa for tilstanden i sektoren. I dag har Udir desse i porteføljen sin. Etter vårt sitt syn bør alle tiltak av denne karakteren først vurderast med det utgangspunktet at dei skal plasserast hos Fylkesmennene. Så kan jo konklusjonen i enkelte høve vere at det er mest tenleg at direktoratet har ansvaret. Poenget vårt er at denne vurderinga bør vere obligatorisk og resultatet, trur vi, vil vere at regional stat kan spele ei rolle i utviklingsarbeid som òg tar utbytte av den kunnskapen og kontaktflata vi har med sektoren.

5.3.2 Tilsyn

Utan at det er formulert under overskrifta «Tilråding» slår rapporten fast at tilsynet med friskular bør ligge til Utdanningsdirektoratet.

Bør tilsynet med friskular ligge til Fylkesmannen?

Grunngjevinga for at Udir bør ha tilsynsansvaret for friskulane er at dei har ansvaret for tilskotsforvaltninga. Det er sjølvsagt eit argument som kan trekke i retning av den konklusjonen. På den annan side er det Fylkesmannen som har rettleingsansvaret for friskulane og det er Fylkesmannen som har ansvaret for klagebehandlinga. Når det gjeld risikovurdering, som er eit vesentleg element i tilsynsarbeidet, er ordninga i dag den at Fylkesmannen melder til Udir i dei tilfella dei er uroa for rettstilstanden. I praksis er oppfatninga vår at Udir i liten grad fører tilsyn med dei skulane og dei tema vi melder inn. Sagt på ein annan måte: Fylkesmannen ville, om det gjaldt offentlege skular, oppretta hendelsesbaserte tilsyn med fleire friskular i fylket vårt enn det som skjer i dag. Det meiner vi er eit argument som taler for at Fylkesmennene har tilsynsmynde med friskulane.

3. Avsluttande merknadar

Med innspela over sluttar Fylkesmannen i Hordaland seg til tilrådingane i rapporten.

Vi har òg lest rapporten med eit blick for kva den i liten grad tar opp. Så vidt vi kan sjå er problemstillingar knytte til barnehagesektoren i liten grad omtalt eller gjort til gjenstand for tilrådingar. Frå Fylkesmannen i Hordaland si side vil vi understreke at sektoren sitt behov for rettleiing på barnehageområdet er stort. Det er og ein sektor som har ytterlegare kompliserande faktorar enn det vi finn på skuleområdet. I dei framtidige endringane i utdanningssektoren er det viktig at direktoratet prioriterer og synleggjer barnehageområdet ut over det som er situasjonen i dag.

Vi reknar med at departementet følgjer opp dei endringane som eventuelt skal gjennomførast i sektoren som følgje av denne rapporten med gode og tilpassa prosessar. Timing er ein avgjerande faktor. Fylkesmannen i Hordaland legg til grunn at vi i framtida er organisert i ti fylkesmannsembete. Kommunestrukturen vil og bli endra, inklusivt det folkevalde regionale nivået..

Spørsmål om oppgåvefordeling står sentralt. Den fasen vi skal inn i med endringar i struktur og organsiering må utnyttast og tilpassast til dei endringane som skal gjennomførast.

Med helsing

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.